

**PROTOKOLL**  
**MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND**

**Møte:** 7/2014  
**Tid:** Fredag 12. desember kl. 13:00 – 15:00  
**Stad:** Alver hotel

**Til stades:**

<b>Ordfører:</b>	Jon Askeland, Knut Moe, Nils Marton Aadland, Astrid A. Byrknes, Hallvard Oppedal, Per Lerøy, Karstein Totland, Kristin Handeland, Jarle Skeidsvoll (varaordfører Osterøy)
<b>Rådmenn:</b>	Øivind Olsnes, Jarle Landås, Ingvild Hjelmtveit, Reidun Halland, Ørjan Raknes Forthun
<b>NUI:</b>	Rune Heradstveit
<b>Andre:</b>	
<b>Forfall:</b>	Kari Aakre, Svein Helge Hofslundsengen, Jan Olav Osen, Odd Ivar Øvregård, Vidar Bråthen

<b>Sak 58/14</b>	<b>Godkjenning, møteinnkalling og sakliste</b> Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
<b>Sak 59/14</b>	<b>Godkjenning, møteprotokoll møte 6/2014</b> Møteprotokollen frå møte 6/2014 vart godkjent med ein korrigering. Ørjan Raknes Forthun var til stades i møtet, medan Reidun Halland ikkje var der. Møteprotokoll er oppdatert.
<b>Sak 60/14</b>	<b>Tannhelsa – klinikkstrukturplan Hordaland 2015-2030. Høyringsuttale</b> Utkast til høyringsuttale til klinikkstrukturplan for tannhelsa i Hordaland 2015-2030 var sendt ut på førehand. Denne vart jobba litt med i møtet, og Regionrådet stilte seg bak dokumentet som vart utarbeid i møtet (vedlegg).
<b>Sak 61/14</b>	<b>Nordhordlandspakken AS – status</b> Nils Marton Aadland orienterte frå møtet i fylkestinget 9.-10. desember der Nordhordlandspakken vart godkjent. <a href="http://www.hordaland.no/Aktuelt/Nyhende/Fylkestinget-godkjenner-Nordhordlandspakken/">http://www.hordaland.no/Aktuelt/Nyhende/Fylkestinget-godkjenner-Nordhordlandspakken/</a>  Fylkeskommunen har sagt ja til at ein kan omdisponera midlar frå Mundalsberget til Knarvik sentrum, og at det må vera bom i Isdalstø – dette iht. nytteprinsippet. Dei 100 mill. som var sett av til disposisjon skal i det store gå til prosjekt i Meland og eventuell til kostnadsauke i pakken. Fylkestinget vil ha fem bomstasjonar i Nordhordland med innkrevjing begge vegar og eit takstnivå på omlag 14 kroner for lett bil med abonnement. Det vert timesregel og maks passeringar i månaden. Bomstasjonane skal ha slik plassering: Hovudkryss Flatøy (ramper til/frå Meland), E39 Flatøy, E39 Mundalsberget (Gjervik), Fv. 565 (ny veg Marås-Soltveit, sør for kryss v/ Haukåsen) og i Isdalstø.  Saka går no attende til kommunane som vert bedt om å seia ja eller nei til pakken. Det er ikkje høve til å koma med ytterlegare endringar eller andre forslag. Endeleg godkjenning av Nordhordlandspakken skjer i Stortinget.

	<p>Dersom pakken vert godkjent vert det sett ned eit kontaktutval med representantar frå bl.a. kommunane i Nordhordland og Statens Vegvesen. Astrid Aarhus Byrknes meinte at Lindås må få ein representant i dette utvalet. Nils Marton Aadland sa at dette er ei sak som vil koma til Regionrådet og NUI som eigar av pakken, og at ein då formelt vil peika ut representantar til kontaktutvalet.</p> <p>Per Lerøy var tilfreds med den jobben fylkesrådmannen og hans folk har gjort, og med at fylkestinget no har gjort eit godt vedtak som gjer at me snarast kan koma i gong med vegbygging.</p>
<p><b>Sak 62/14</b></p>	<p><b>Kommunereforma</b> Kort diskusjon om status og prosess vidare.</p> <p>Rådmennene vil ha ei viktig rolle i dette arbeidet vidare, og dei vil samordna ein del av dette arbeidet gjennom rådmannsutvalet. Det er derfor viktig at det snarast vert avklara kven av Rådmennene (kommunane) som skal vera med på dette. Den diskusjonen må fyrst takast internt i kommunane og så samla i rådmannsutvalet.</p> <p>Rune Heradstveit informerte om status for planlegging av Nordhordlandsting 16. februar. Tema vert kommunereforma med fokus på erfaringar, prosess og konsekvensar. Statsråd Jan Tore Sanner har sagt ja til å koma. Ordførarar / rådmenn må no senda ut eit varsel til formannskapet om Nordhordlandstinget 16. februar.</p> <p>Rune Heradstveit gav status for skjønsmidlane (kr 800 000) som Region Nordhordland har fått til arbeidet med kommunereforma. Om lag kr 200 000 er tidlegare brukt på rapportar frå Telemarksforsking, og på temamøter om kommunereforma i kommunestyra våren 2014 der Telemarksforsking og andre deltok. I tillegg er det budsjettert med utgifter til Nordhordlandstinget og studietur. Resten av midlane vil bli brukt og prioritert iht. det som ligg i søknaden.</p> <p>Regionrådet slutta seg til at midlane vert liggande til bruk for Regionrådet og Rådmannsutvalet og at det på noverande tidspunkt ikkje er aktuelt å dela dei ut til kommunane.</p>
<p><b>Sak 63/14</b></p>	<p><b>Status utval</b></p> <p><b>Helseutvalet</b> Astrid Aarhus Byrknes refererte kort frå møte i Helseutvalet fredag 5. desember. Når det gjeld sak om avtalespesialister, så har ein hatt møte med toppleiinga i Helse Bergen HF. Denne vert fylgd vidare opp med dei.</p> <p>Byrknes viste vidare til den presentasjonen Roar Hansen hadde i møtet med vurderingar om status for helsehusprosjektet og forslag til vegen vidare. Han meinte at sjølv prosessen med byggeprosjektet var vel i vareteke, men at ein ikkje må gløyma sjølv hensikta med prosjektet, nemleg å skapa betre og meir hensiktsmessige tenester for pasientane. Dette bør få brei plass i det vidare arbeidet. Helseutvalet synest dette var ein nyttig og spennande presentasjon.</p> <p><i>Merknad: Dette er ein rapport NUI har bestilt for å få kvalitetssikra arbeidet og prosessen med helsehuset.</i></p> <p><b>Næring- og samferdsle</b> Lite nytt då møtet i utvalet har vorte utsatt. Nils Marton Aadland viste elles til møte i Bergensalliansen og til dei prosjekta som vart prioritert i førre frekvens med NTP. Det er no svært positive signal om at Statens Vegvesen Region Vest prioriterer Nyborgtunnelen høgt i neste rulling, og at denne må planleggast uavhengig av framtidig bybane til Åsane (grunna siste status for bybanepanlegginga).</p>

	<p><b>Kultur</b> Det er planlagt møte i januar. Tema vil bl.a. vera regional plan for friluft og idrett, og spørsmål frå Stordalen vel om midlar til løypekøyning.</p>
<b>Sak 64/14</b>	<p><b>Meldingar og eventuelt</b></p>
	<p><b>NAV om arbeidsmarknadsverksemdene</b> Jon Askeland tok opp om ikkje Regionrådet burde invitera NAV til neste møte for å få ei orientering om korleis dei jobbar med arbeidsmarknadsverksemdene. Nils Marton Aadland peika på at våre verksemdar også bør snakka betre saman for å kunne møta utfordringane på rett måte. Kommunane som eigarar bør gje tydelege signal om dette.  Regionrådet bad om at dagleg leiar kontakta NAV for å få til eit møte med hensikt å drøfta samarbeidet med NAV og vekstverksemdene og samarbeidet internt i Nordhordland.</p>
	<p><b>Stordalen Vel - og arbeidet med køyring av løyper</b> Karstein Totland tok opp at Stordalen Vel tidlegare har søkt om støtte til løypekøyning frå ein og ein kommune, og stilte spørsmålet om ikkje dette kunne vore organisert gjennom Regionrådet då dette er eit område som heile Nordhordland har nytte av.  Rune Heradstveit viste til at NUI har hatt møte med Rune Brundtland i Stordalen Vel om dette, og at ein vil setja dette på dagsorden i Kulturutvalet.</p>
	<p><b>Samanslåing av Bergen tingrett og Nordhordland tingrett</b> Astrid Aarhus Byrknes informerte om høyringsmøte 4. desember om moglege samanslåing av Nordhordland tingrett og Bergen tingrett. Lovverket innskrenkar i dag moglegheita til samarbeid mellom tingrettane – herunder t.d. å hjelpa kvarandre ved ledig kapasitet. Ein ynskjer no å slå tingrettane saman og få ein framtidretta rett. Sorenskrivaren i Nordhordland tingrett ynskjer å koma ut i Regionrådet for å ha dialog.  Dagleg leiar ser om ein kan få dette til i neste møte i Regionrådet som er 30. januar. Eventuelt om ein kan kombinera dette med møtet i Bergensalliansen same dag.</p>
	<p><b>Møtekalender 2015</b> Dagleg leiar la fram utkast til møtekalender 2015. Det er vanskeleg å finna rom til møter ut over ein dag – t.d. til studietur, og skal ein få til dette må ein berre bestemma datoar og prioritera ut i frå dette.</p>

Knarvik, 15. desember 2014



Jon Askeland (sign)  
Leiar  
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit (sign)  
Dagleg leiar  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

**Vedlegg:**

Sak 60/14: Høyringsuttale - Tannhelsa – klinikkstrukturplan Hordaland 2015-2030.